



KVALVÅG SEILSENTER
c/o Ola M Johannessen Hjellestadvegen 197B
5258 BLOMSTERDALEN

Dato: 02.06.2016
Vår ref.: 2015/2159-110
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Att. Harald Vange

Kvalvåg seilsenter - gnr 20 bnr 1 - Stolmen - Austevoll kommune – Søknad om tilskot til vern og vøling av kulturminne 2016 – Underretting om vedtak

Det vert vist til Dykkar søknad av 06.04.2015 om tilskot til vern og vøling av kulturminne.

Ordninga med tilskot til vern og vøling av kulturminne vart handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling på møte den 10.05.2016, sak 71/16. Dykkar søknad vart dverre gitt avslag.

Grunngjeving:

For 2016 var det 49 søknader og kr 973.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 4.826.701,-. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkerar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtekne retningslinjer for ordninga.

I grunngjevinga for avslaget står det:

«Vi syner til retningslinene punkt 5.3. der det står at tiltaket ikkje skal vere påbyrja før søknaden er handsama, med unntak av der tiltaket er definert som strakstiltak (lekkasje m.m.) eller det er avtalt på førehand. Vi kan ikkje finne at administrasjonen er informert om oppstart, og / eller at tiltaket var eit strakstiltak i forkant av innsendt søknad. Tiltaket er elles profesjonelt utført, og var viktig for å verne bygningen.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
konst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.